



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for samferdsle
Møtestad	Skjerjehamn i Gulen
Møtedato	17.06.2019
Kl.	10:30-16:40

Faste medlemmer til stades:

Noralv Distad H
Bjørn Hollevik H
Sigurd Reksnes Sp
Arnstein Menes Sp
Gunn Sande Sp
Helen Hjertaas Ap
Stein Malkenes MDG

Forfall til møtet:

Gunnhild Berge Stang V
Harald Bjarte Reite Ap

Varamedlemmer til stades:

Tore Fossen H
Bjørnar Førde Ap

Til stades med møte- og talerett:

Dina Lefdal

Sekretariat for møtet:

Monica Åsnes

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Hovudutval for samferdsle valde møteleiar og Helen Hjertaas til å godkjenne møteboka på vegne av organet.

Orientering og synfaring v/ordførar Hallvard Oppedal i Gulen Kommune.
Orientering om Førdepakken v/Erling Varlid.
Orientering om gangveg Loen-Solvik v/Dina Lefdal.
Orientering om infrastruktur og veg v/Dina Lefdal.
Orientering statusgjennomgang/endringar SVV v/Svenn Finden.
Orientering frå kollektiv v/Øystein Hunvik.

SAK 21/19 Søknad om fornying av løyve for persontransport i rute på strekninga Trondheim - Bergen.

VEDTAK:

Firda Billag Buss AS får ruteløyve på strekninga Bergen-Førde-Stryn-Otta-Trondheim etter desse vilkåra:

- a) Løyvet gjeld i 10 år frå 01.09.2019 til 01.09.2029.
- b) Krav til god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- c) Endringar i takstar og rutetilbod skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune, Oppland fylkeskommune, Trøndelag fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune.
- d) Det er ikkje tillate å utføre lokaltransport på strekninga Bergen - Knarvik.
- e) Ruta skal nytte Fløyfjellstunnelen til/frå Bergen Busstasjon.
- f) Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll.

SAK 22/19 Dimensjonerande justeringar av rutetilbodet med båt frå 2022

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1. Rutetilbodet på Frønningen vert redusert til 3 tur/retur pr. veke, i samsvar med nivået for fylkeskommunalt minstetilbod.

Kravet om bilferje fell vekk, men det vert kravd bilførande kapasitet for 3 personbilar på enkelte avgangar inntil 30 turar i året.
2. Flåmsekspresen vert lagt ned frå 2022. Innsparinga vert nytta til å utvide sesongen på sommarruta Bergen – Flåm – Bergen, slik at den frå 2022 går i perioden 1. april til 31. oktober.
3. Det fylkeskommunale rutetilbodet til Indrevær og Utvær vert redusert til 12 veker om sommaren (3 dagar i veka), i tillegg til 12 enkeltdagar etter avtale med kommunen. Det må vidare leggast til rette for at kommune og reiseliv kan kjøpe ekstraturar frå Nautøy til Indrevær/ Utvær til ein definert fastpris som tilsvarar sjølvkost.
4. Prinsippet om at Solund kommune skal betale 60% for opsjonsruter vert vidareført.
5. Det vert stilt krav til at ein av kombikatamarane i Florabassenget skal ha noko større kapasitet.
6. Dersom det vert vurdert til å vere hensiktsmessig å dele Nordre distrikt på fartøya som trafikkerer Vestre distrikt og Kystvegekspresen, får fylkesdirektøren fullmakt til å ta bort eit farty i Florabassenget.

Endringsframlegg:

Framlegg frå Arbeidarpartiet til endring av punkt 6, siste setning etter komma:

Dersom det vert vurdert til å vere hensiktsmessig å dele Nordre distrikt på fartøya som trafikkerer Vestre distrikt og Kystvegekspressen, vil saka komme til handsaming i utvalet på møtet den 11.september 2019.

Fellesframlegg frå hovudutval for samferdsle til tillegg til punkt 1:

Det vert opna for å gje tilbod med bilferje. Det vert lagt til rette for opsjon for utvida tilbod.

Avrøysting:

Det vart røysta punktvis.

Fylkesdirektøren si tilråding til punkt 1 vart samrøystes vedteke. Fellesframlegget til tillegg til punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesdirektøren si tilråding til punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Fylkesdirektøren si tilråding til punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Fylkesdirektøren si tilråding til punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Fylkesdirektøren si tilråding til punkt 5 vart samrøystes vedteke.

Fylkesdirektøren sitt framlegg til punkt 6 vart sett opp mot Arbeidarpartiet sitt endringsframlegg.

Endringsframlegget frå Arbeidarpartiet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Rutetilbodet på Frønningen vert redusert til 3 tur/retur pr. veke, i samsvar med nivået for fylkeskommunalt minstetilbod.

Kravet om bilferje fell vekk, men det vert kravd bilførande kapasitet for 3 personbilar på enkelte avgangar inntil 30 turar i året.

Det vert opna for å gje tilbod med bilferje. Det vert lagt til rette for opsjon for utvida tilbod.

2. Flåmsekspressen vert lagt ned frå 2022. Innsparinga vert nytta til å utvide sesongen på sommarruta Bergen – Flåm – Bergen, slik at den frå 2022 går i perioden 1. april til 31. oktober.
3. Det fylkeskommunale rutetilbodet til Indrevær og Utvær vert redusert til 12 veker om sommaren (3 dagar i veka), i tillegg til 12 enkeltdagar etter avtale med kommunen. Det må vidare leggast til rette for at kommune og reiseliv kan kjøpe ekstraturar frå Nautøy til Indrevær/ Utvær til ein definert fastpris som tilsvarar sjølvkost.
4. Prinsippet om at Solund kommune skal betale 60% for opsjonsruter vert vidareført.
5. Det vert stilt krav til at ein av kombikatamaranane i Florabassenget skal ha noko større kapasitet.
6. Dersom det vert vurdert til å vere hensiktsmessig å dele Nordre distrikt på fartøya som trafikkerer Vestre distrikt og Kystvegekspressen, vil saka komme til handsaming i hovudutval for samferdsle på møtet den 11.september 2019.

1 Oppheving av behovsprøving for drosje mv.

VEDTAK:

Hovudutval for samferdsle ber om ei orientering om drosjenæringa, faktisk situasjon, på møtet 11.september.

2a Sak om skuleskyss Haugen

2b Vedlegg
